



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

PELAGIA KALVÅG
Postboks 444
5805 Bergen

Leikanger, 05.12.2018

Dykkar ref.:
Per Røys

Vår ref.(oppgi ved svar):

Sakshandsamar:
Einar Nesse Johnsen

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Pelagia Kalvåg Kontrollnummer: 2018.002.I.FMSF

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Per Røys

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:
Einar Nesse Johnsen

Andre deltakarar frå verksemdA:
Andri Thorleifsson
Gunn Røys
Malene Røys Bolset

Andre deltakarar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:
Grete Hamre

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Pelagia Kalvåg den 16.11.2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avdekka ingen avvik og ga 3 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

Det vart ikkje funne avvik under inspeksjonen.

Merknader:

Verksemda har mangelfulle rutinar for handtering av farleg avfall
Verksemda sine målingar av prosessavløpsvatn har manglar
Verksemda kan ikkje dokumentere om kapasiteten på reinseanlegget vert overstigen.

Merknadene er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

05.12.18	Einar Nesse Johnsen	Grete Hamre
dato	kontrollør	senioringeniør

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Bremanger kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: PELAGIA KALVÅG	
Organisasjonsnr.: 971953357	Eigd av: 989094823
Bransjenr. (NACE-kode): 10.202 - Frysing av fisk, fiskefileter, skalldyr og bløtdyr	

Kontrollert eining

Namn: Pelagia Kalvåg	Anleggsnr.: 1438.0005.01
Kommune: Bremanger	Fylke: Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Fiskeforedling	
Løyve gitt: 19. mai 1999	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i ureiningslova og produktkontrolllova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for næringsmiddel: fiskeforedling, slakteri og kjøtbearbeidande industri.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i ureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Prosess og reinseutstyr
- Avfall
- Utslepp til luft
- Kjemikal

Rapporten gjeld merknader som vart gitt under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fylkesmannen avdekka ingen avvik innanfor dei områda som vart kontrollerte. Vi ser difor på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 5. november 2018. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter ureiningslova er fastsette i ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventna ressursbruk må Pelagia Kalvåg betale eit gebyr på kr 17 200, for inspeksjonen, jf. ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til ureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (jf. offentleglova).

6. Avvik

Det vart ikkje funne avvik under inspeksjonen.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Verksemda har mangelfulle rutinar for handtering av farleg avfall

Kommentarar:

Verksemda handterer dagleg kraftige alkaliske såper og syrer til reinhald og desinfeksjon av fabrikkene. Løysingane i konsentrert form kan påføre miljøet uheldige verknader ved utslepp. Tømde behaldarar (20l) blir handtert som ordinært avfall, og ikkje farleg avfall. Det er truleg framleis restar av kjemikal i behaldarane. For å hindre at konsentrert industrisåpe og desinfeksjonsmiddel blir handtert som generelt avfall ber Fylkesmannen verksemda om å utarbeide ei rutine for skyljing av behaldarar før kast, eller levere dei som farleg avfall. Løysinga verksemda vel bør vera ein del av verksemdas interne skriftlege rutinar for handtering av avfall.

Merknad 2

Verksemnda sine målingar av prosessavløpsvatn har manglar

Kommentarar:

Verksemnda sine metodar for prøvetaking av prosessavløpsvatn har nokre små svakheiter. Vaskevattn vert ikkje tatt med i prøven som vert sendt til analyse. Sjøvatn frå leveranse vert ført i by-pass utanom reinseanlegget. Dagens metode for prøvetaking fangar ikkje opp mengd eller samansetning av dette utsleppet. Dette resulterer i at prøvane som blir tekne ikkje gjev eit representativt bilde av faktiske utslepp til sjø. For å hindre at denne informasjonen blir feil ber Fylkesmannen verksemnda rette opp i plassering av prøvepunkt, og samtidig ta med utslepp av sjøvatn i rapporteringa av total vassmengd.

Det kom fram på møtet med leiinga at nokre av prøvane frå 2018 manglar måling av fosfor (P-tot). Fylkesmannen rår til at dei neste målingane som blir gjennomført inneheld alle parameter som er satt som krav i løyve og tillegg til løyve.

Merknad 3

Verksemnda kan ikkje dokumentere om kapasiteten på reinseanlegget vert overstigen.

Kommentarar:

I verksemnda sitt utsleppsløyve er det gitt krav om at prosessvatnet skal ha ei effektiv opphaldstid i feittutskiljar på minimum 15 minutt. Det vart informert under møtet at verksemnda ikkje kan talfeste opphaldstida for prosessvatnet i dette systemet, og difor ikkje kan vise til om dette kravet blir møtt. Fylkesmannen fekk inntrykk av at prosessvatnet til tider har for kort opphaldstid i feittutskiljaren. Vi oppmodar verksemnda om å utbetre reinesystemet slik at dei kan måla opphaldstida for prosessvatn.

8. Andre tilhøve

Verksemnda har sidan løyvet vart fornya gjort ei rekkje endringar i produksjonen.

- Større strukturelle endringar og ombyggingar.
- Vakuumeringslinja for våtpakk er fjerna.
- Nytt kjølelager for tønner.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (ureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter ureiningslova frå Fylkesmannen